

Tvungen renovasjon på Skorpo frå årsskiftet

06.01.2009



Også hytte-eigarane på Skorpo skal frå no av betala bossavgift. (Foto: Kjell Magne Haugland)

Det er frå årsskiftet innført tvungen renovasjon med betaling av avgift også på Skorpo og Snilstveitsøy, og SIM har har dermed fått omkring 90 nye kundar, opplyser driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM til uskedalen.no.

Alle skal ha fått tilsendt skiftleg orientering om ordninga. Hollund preiserar at det ikkje er rekningane som allereie er sendt ut. Her har det nok vore ei viss mistyding.

SIM Transport har ansvaret for innsamlinga av bosset og for kontakt med kontraktørane..

Det er Ole Kristoffer Vågen som har fått jobben med å frakta bosset frå Skorpo til Uskedalen.

Så seint som tirsdag føremiddag hadde han ikkje høyrte noko frå SIM og var noko forundra over det.

- Eg har berre fått ein førespurnad frå kommunen og ikke nokon orientering frå SIM om korleis ordninga skal organiserast, opplyste han.

Seinare på dagen fekk han den orientering han sakna..

- Det har nok vore ein viss kommunikasjonssvikt her, seier Hollund.

Dei enkelte hytte-eigarane skal levera bosset sitt på den kommunale kaien på Skorpo og så tek Vågen seg av den vidare transport over sundet til containar i Uskedalen. Men det er sjølvstakt ikkje noko i vegen for at hytte-eigarane kan nytta containaren som dei siste månadane har stått ved Gamleskulen.

Den ordning som no er innført for dei to øyane i vårt område er den same som lenge har vore gjeldande for andre øyar i SIM-området, til dømes Fjellberg .

Av Ola Matti Mathisen



Bosset skal leverast på kaien på Skorpo. (Foto: Ola Matti Mathisen)